

Fra: Bjarte Guddal <Bjarte.Guddal@skagerakenergi.no>
Sendt: 26. mai 2014 09:50
Til: Verlo Magne Geir
Emne: SV: Sender e-post: Rapport NYE KJOSFOSS KRAFTVERK med underskrift

Hei!

Vi er nå i fred med å utarbeide en konsesjonssøknad for Kjosfoss kraftverk i tråd med føringene i NVE veileder 3/2010. Søknaden ferdigstilles i løpet av høsten. Ingen av alternativene gir en merproduksjon som utløser vurdering av om det skal gjennomføres konsekvensutredninger etter reglene i pbl.

Vi er nå i ferd med å informere jernbaneverket, kommunen og fylket om at vi har satt i gang planlegging.

Mvh

Bjarte Guddal
Overingeniør

-- DIREKTE+47 35902155
-- MOBIL+47 90618687
-- SENTRALBORD +47 35935000

Skagerak Kraft AS
Postboks 80
3901 Porsgrunn

<http://www.skagerakenergi.no>

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Verlo Magne Geir [<mailto:mgv@nve.no>]
Sendt: 31. januar 2014 14:58
Til: Bjarte Guddal
Kopi: Jensen Carsten Stig
Emne: SV: Sender e-post: Rapport NYE KJOSFOSS KRAFTVERK med underskrift

Skagerak Energi

Viser til telefonsamtale vedrørende rapport frå Norconsult om mogeleg opprusting/utviding av Kjosfossen kraftverk i Flåmsvassdraget.

Rapporten inneheld alternativ som er ei vesentleg endring både med omsyn til fallhøgde og slukeevne i høve til dagens situasjon for Kjosfossen kraftverk.

I forhold til eksisterande kraftverk i verna vassdrag står det følgjande i del I pkt 5 (s 15) i NVE rettleiar 3/2010:

Då Stortinget handsama Verneplan IV i 1993, blei det gitt tilgang til å rehabilitere eksisterande kraftverk i verna vassdrag. Det blir kravd konsesjon etter vassresslova § 8 dersom tiltaket "er til nevneverdig skade for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen", eller dersom den alminnelege lågvassføringa blir redusert. Vernevedtaket inneber i seg sjølv at det er sterke allmenne interesser i

vassdraget. Tiltak i verna vassdrag vil såleis lettare bli sett på som konsesjonspliktige enn tiltak i andre vassdrag. Generelt kan det vere vanskeleg å gi løyve til å byggje om eller utvide kraftverk i verna vassdrag.

I tillegg til rein rehabilitering innanfor eksisterande rammer kan det vere snakk om ei avgrensa heving av vasstanden i inntaksmagasin og/eller auka installasjon/slukkevne. Det er føresett at det ikkje skal vere omfattande tiltak. Det er også føresett at ei slik opprusting ikkje gjer verdiane som ligg til grunn for vernevedtaket, ringare, og at fordelane for allmenne interesser må vere større enn ulempene ved å gjennomføre opprustinga. Enkelte opprustingar kan vere ønskjelege også ut frå miljøomsyn. Handsaminga av denne type saker etter vassdragslovgivinga kan føre til at det blir gitt løyve med vilkår som er underlagt kontroll og tilsyn frå konsesjonsstyresmaktene.

Dette vil vere utgangspunktet også for Kjosfossen, og eventuell fremjing av konsesjonssøknad må derfor i alle tilfelle innehalde opprustingsalternativ som blir dekkja av desse kriteria.

Med helsing

MagneGeir Verlo
senioringeniør

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) Konsesjonsavdelinga Seksjon for vassdragskonsesjonar

Telefon: 09575 eller direkte 22 95 95 34 / 950 80 350

E-post: nve@nve.no eller mgv@nve.no

Internett: www.nve.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjarte Guddal [<mailto:Bjarte.Guddal@skagerakerenergi.no>]

Sendt: 29. januar 2014 09:45

Til: Verlo Magne Geir

Emne: Sender e-post: Rapport NYE KJOSFOSS KRAFTVERK med underskrift

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

Rapport NYE KJOSFOSS KRAFTVERK med underskrift